

Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/9042 - 22/1573

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
14.01.2022

## Løyve til etablering av VA-leidning - gbnr 131/77 og 131/4 Remme og 482/73 Storheim

**Administrativt vedtak:** **Saknr: 028/22**  
**Tiltakshavar:** Alver kommune  
**Ansvarleg søker:** Sweco Norge AS  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett.

### VEDTAK

**Det vert gjeve løyve i eitt trinn for oppføring av VA-leidningar på følgjande vilkår:**


1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan datert 07.07.21 med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Vilkår stilt av Bergen Sjøfartsmuseum i uttale av 4. januar 2022 må oppfyllast.

**Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-3.**

### SAKSUTGREIING

#### Tiltak

Saka gjeld søknad om etablering av kommunal ringleidning. Søknaden er delt i to delar, B1 og B2. Dette vedtaket gjeld berre søknad B2, som omfattar to leidningar som skal leggjast i sjø. Tiltaket rører ikkje land og koplast til leidning på land som sluttar nokre meter ut i sjø. Søknad B1 gjeld leidning som leggjast i land og omfattast *ikkje* av dette vedtaket.



#### Søkarens skildring av tiltaket:

Omsøkt tiltak er en del av prosjektet «Alverstraumen ringledning», som omhandler etablering av ringledning for drikkevann mellom gamle Radøy kommune og Lindås kommune.

Hensikten med tiltaket er å øke forsyningssikkerheten for drikkevann i området ved Alverstraumen ved å etablere ringledningssystem (to-veis vannforsyning) i Alverstraumen.


Anlegget består av to delstrekninger på ca. 1 km hver i sjø (Juvika til Storsandvik og Remmo til Rimmo). Det er allerede søkt etablert vannledninger for landtakene som avslutter noen meter ut i sjø. Omsøkt tiltak omfatter derfor kun etablering av selve ledningen i sjø (ikke landarbeider), og berører ikke noen gårds- og bruksnummer.

Første delstrekning starter i Alverstraumen, like utenfor Remmo 33 (gbnr. 131/85). Ny sjøledning speilsveises på eksisterende ledning lagt ut fra borehull på land. Ledningen føres videre i Alverstraumen til Rimmo, hvor den nye sjøledningen speilsveises på eksisterende ledning lagt fra land.



Figur 1: Oversiktsbilde av delstrekning fra Remmo til Rimmo.

Delstrekning to starter ved Juvika, (ved gbnr. 131/4, men ute i sjø). Ledning speisvesies til eksisterende ledning, og leder videre i Alverstraumen til Storsandvik (like ved gbnr. 482/89 og 482/73, men ute i sjø). Ledningene kobles med flenseskjøt med sinkanode i sjø.



Figur 2: Oversiktsbilde av delstrekning fra Juvika til Storsandvika.

Søknaden omfattar leidningsnett i sjø. Andre tiltak som kan vere vist på innsendte teikningar er ikkje omfatta av dette vedtaket.


Det vert elles vist til søknad motteken 25.10.2021.

#### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 25.10.2021. Det var nødvendig med fråsegn frå anna mynde, frist for sakshandsaming er difor 12 veker frå denne dato jf. pbl. § 21-7 første ledd jf. andre ledd.

#### Planstatus

##### Vern av sjø




Leidning nr. 1 omfattast av KDP for Radøy (planid: 1260-2013000200, revidert 2019, heretter KDP for Radøy) og delvis av RP for Storsandvika (planid: 1260-2011000300).

Leidning nr. 2 omfattast av KDP for Knarvik. Alversund, Alverstraumen (planid: 1263-201701, heretter KDP for Alverstraumen)

Tiltaket ligg i område satt av til hovudføremål vern av sjø i alle tre ovannemnte planar, kor det tillatast med utlegging av sjøleidningar for vatn og avlaup jf. pkt. 3.5.1 i KDP for Radøy og KDP for Alverstraumen.

#### Gyteområde


Området er registrert som gytefelt for torsk i Miljødirektoratet sitt naturbase. Det finnast ingen føresegner om gyteområde i KDP for Radøy eller RP for Storsandvika. I følgje KDP for Alverstraumen pkt. 3.5.7 skal det ikke tillatast med tiltak som kan hindre gytesskess.



Søknader om tiltak i gytefelt leggjast fram for Fiskeridirektoratet for uttale før vedtak fattast. Tiltakshavar har søkt om løyve eter havne- og farvannsloven til Kystverket, som igjen sendte søknaden på høyring til Fiskeridirektoratet. Kystverket mottekk ingen fråsregn i forbindelse med høyringa.

Administrasjonen vurderer det ikke som naudsynt å sende saka på høyring til Fiskedirektoratet på ny.

### Kulturmiljø




Tiltaket ligg omsynssone bevaring kulturmiljø Indre farlei, som ifølgje KDP for Alversund pkt. 4.2.4 b skal sikrast gjennom ei restriktiv haldning til tiltak som bygningar, konstruksjonar og anlegg, og andre større inngrep i landskap. Det stilles blant anna krav om gode visuelle kvalitetar, og det skal unngåast negative estetiske og miljømessige konsekvensar.

I følgje KDP for Radøy 4.8 skal det ikke setjast i verk tiltak som er egna til å skade, øydelegge, grave ut, flytte, forandre, dekke til, skjule eller på anna måte utilbørleg skjemme kulturminna eller kulturmiljøet, eller framkalle fare for at dette kan skje.


Søknaden ble sendt på høyring til Vestland fylkeskommunen for vurdering av kulturminneinteresser.

### Rasfare

Tiltaket ligg i nærleiken av rasutsette områder, utanfor strandlinia til gbnr 131/12 og 131/97



Potensiell jord-flomskredfare i Rimmo



Utløpsområde for snøskred i Juvika

I følgje KDP for Alverstraumen pkt. 4.1.2 skal det gjerast ei geologisk vurdering av risiko for ras for utløysings- og utlaupsområdar.

Søknaden ble sendt på høyring til NVE.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Uttale frå anna styresmakt

Søknaden ble sendt på høyring til Vestland Fylkeskommune, Statsforvaltaren i Vestland, Bergen Sjøfartsmuseum, og NVE.

Bergen Sjøfartsmuseum kom med følgjande uttale den 4. januar 2022:

Saka har vore til vurdering ved Bergens Sjøfartsmuseum.

Søknaden gjeld utlegging av ringleidning i Alverstraumen i Alver kommune. Museet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli direkte råka av tiltaket. Tiltaksområdet ligg derimot i et prioritert område for marine kulturminne. Potensialet for verna eller automatisk freda kulturminne på sjøbotnen vurderar me derfor for å være til stede.

Bergens Sjøfartsmuseum krev som vedkommande myndighet etter føresagnene ved Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne, §§ 9 og 14, undersøkingar av om det kan være skipsfunn eller andre marine eller maritime kulturminne i tiltaksområdet. Etter Kulturminnelovens §§ 9 og 10 har tiltakshavar undersøkingsplikt, samt plikt til å dekke utgiftene til undersøkinga.

Me ber tiltakshavar om å ta direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum vedrørande gjennomføring av feltundersøkingane. Museet vil då først utarbeide eit budsjett for registreringane, som me må ha godkjent før feltarbeidet kan gjennomførast.

NVE kom med følgjande uttale den 11. januar 2022:

Vi viser til varsel om oppstart datert 15.12.2021.

NVE vil minne om at forholdet til sikker byggegrunn og skredfare for tiltaket må vere avklart og naudsynt tryggleik dokumentert i høve plan- og bygningslova § 28-1 og Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-3 før realisering av tiltaket. Det gjeld for dei delane av tiltaket som ligg på eller har tilknyting til land, inkludert tiltak i strandsona og eventuell utfylling i sjø.

Til hjelp i arbeidet kan de nyte NVE sine rettleiarar «[Sikkerhet mot skred i bratt terreng](#)» og «[Sikkerhet mot kvikkleireskred](#)». Den siste har eit kapittel om aktsemd i strandsona (s. 18).

Etter kva vi kan sjå viser NVE sine aktsemdkart for skred mogleg skredfare i to av leidningane tilknytingspunkt mot land.

Vi har ingen ytterlegare innspel eller merknader.

Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland har ikkje kome med fråsegn.

Tiltakshavar har sjølv sendt søknad om løye etter hamnloven til Bergen Hamn og Kystverket. Kystverket sendte saken på høyring til Fiskeridirektoratet, men mottek ingen fråsegn.

Bergen Hamn har gitt eit fråsegn datert 11.08.2021 knytt til lov om hamner- og farvatn. Fråsegna er vedlagt dette vedtaket.

Kystverket har treft eit vedtak av 15.10.2021 med heimel i lov om hamner -og farvatn. Kopi er vedlagt dette vedtaket. Kystverket har satt vilkår om at leidningane skal leggjast heftefritt på sjøbotnen, på ein måte kor den ikkje forandrar leie, mens eventuelle fester og sokker skal ha ein heftefri utforming.

## Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg føre slik merknad frå eigar av gbnr. 133/3 ved brev av 10.07.2021:

Både jeg og naboene i området hadde vert utrolig glade for at det på parkeringsplassen ble lagt et fast dekke.  
Det støver svært mye fra grusdekke som er der i dag

Det ligg føre slik merknad frå eigar av gbnr. 132/44 ved brev av 03.08.2021:

Vi mottek nabovarsel som eigar av fv. 565 Radøyvegen.

Vi har og ei rolle som forvaltar av fylkesvegen. Vi minner difor om at dersom tiltaket medfører tiltak langs eller under fylkesvegen, skal tiltaket handsamast etter veglova. Vi vil og vise til at eigedomstilhøva ved parkeringsplassen på gnr 132 bnr 46 ikkje er riktig oppført etter matrikkelen og at det vil vere ei føremon at Alver kommune rettar opp dette før tiltaket vert sett i gong.

## Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 07.07.21.

Tiltaket gjeld etablering av leidning i sjø, med kopling til leidningar på land som skal avslutte nokre meter ut i sjø.

## Vatn og avløp (VA)

Det er opplyst at tiltaket skal knytast til offentleg vassverk og offentleg avlaup.

## Flaum, skred og andre natur- og miljøtilhøve

NVE viste til mogleg skredfare i to av leidningane tilknytingspunkt mot land som måtte avklarast.

Ansvarleg søker hadde følgjande avklaring:

Hei,

Takk for svar. Jeg bekrefter med dette at vårt tiltak ligger utenfor de angitte skredområdene. Av søknaden fremkommer dette ved entreprisegrensetegnene på tegningene langs traséene som viser hvor det omsøkte tiltaket starter og avslutes.

For ordens skyld kan jeg nevne at disse aktosmhetssonene er genererte for hele Norge på grovt kartgrunnlag uten faglig vurdering av hver enkelt sone. Det innebærer at generatoren av og til kommer med noen usannsynlige skredsoner, som eksempelvis denne brune nedenfor hvor skredsonene går igjennom et bygg, endrer retning og så går ut i sjø på et tilfeldig antall meter.

Vidare har ansvarleg søker stadfesta at det er «*ingen inngrep i strandsone, inngrep på land, landtak eller utfylling i sjø*» i e-post av 14. januar 2022.

Ansvarleg søker har erklært at tiltaket ikkje skal plasserast i eit område der det er fare for flaum, ras eller andre natur- og miljøtilhøve som krev særskilte undersøkingar eller tiltak.

Kommunen legg denne vurderinga til grunn for vedtaket.

## Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK).

## VURDERING

### Plassering

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden.

### Kulturminne

Bergens Sjøfartsmuseum har opplyst om tiltakshavars undersøkingsplikt etter kulturminnelova. Tiltakshavar tek direkte kontakt med Bergens Sjøfartsmuseum knytt til gjennomføringa.

Fylkeskommunen har ikkje kome med uttale i saka.

Administrasjonens vurdering er at tiltaket ikkje hamner i konflikt med omsyna som er meint bevart i Indre farlei. Det er først og fremst tiltak som inneber større inngrep i landskapet enten i form av

terrenginngrep eller konstruksjonar/anlegg som det skal takast omsyn til. Leidningar som leggjast på sjøbotnen vil være heilt usynlege. og sjølve etableringa inneber ikkje skade eller forandring av kulturminna på anna måte.

#### **Privatrettslege tilhøve**

Tiltaket leggjast i sjø. Det fremstår ikkje som openbart at tiltakshavar ikkje har de privatrettslege rettigheiter. Tillatels etter plan- og bygningslova inneber ikkje ein avgjerd av privatrettslege forhold. Tiltakshavar må skaffe nødvendige avtalar der det måtte vere naudsynt.

#### **Nabomerknad**

Nabomerknader gjeld den delen av tiltaket som er knytt til land, som det ble sendt ein eigen søknad for.

#### **Tiltaksklasse**

Kommunen legg søkjær si vurdering av tiltaksklasse til grunn.

#### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Statsforvaltaren.

Tiltaket skal etablerast i eit område registrert som gytefelt for torsk. Kystverket sendte saka på høyring til Fiskeridirektoratet, som ikkje har kome med fråsegn i saka.

Administrasjonen kan ikkje sjå at legging av leidningar på sjøbotnen hindrar gyteseksess gitt at tiltaket utførast skånsamt og heftefritt, i tråd med vilkåra i Kystverket sitt vedtak.

Det leggjast til grunn at tiltaket ikkje kjem i konflikt med naturmangfaldslova.

#### **Regelverk**

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2. Dette tiltaket set krav om ansvarleg søker, jf. pbl § 20-3.
- Dispensasjon er søknadspliktig etter pbl § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Søknad om tiltak etter plan- og bygningslova skal nabovarslast i samsvar med pbl § 21-3.
- Alle eigedomar må ha lovleg tilgang til vatn og avlaup etter pbl §§ 27-1 og 27-2.
- Alle eigedomar må ha sikra tilkomst til offentleg veg etter pbl § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggteknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommun vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjenvæst. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

## **Ansvar**

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnehavares løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

## **Bortfall av løyve**

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

## **Avfall**

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## **Ferdigstilling**

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

## **Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 21/9042**

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

## **Vedlegg:**

NVE sitt innspel - Høyring - Etablering av kommunal ringleidning - To leidningar i sjø B2 gbnr 131/77 Remme  
Svar på søknad til uttale - gbnr 131/77 Remme – kommunal ringleidning og forholdet til marine kulturminne -  
Krav om marinarkæologiske registreringar.

Kart - Omsøkte vannledning traseer

Situasjonskart

Uttalelse fra Bergen havn

Tillatelse til etablering av ledninger i sjø for drikkevannsforsyning - Alverstraumen - fra Kystverket

KART\_Situasjonsplan\_Vedlegg 2 - Tegningsliste og tegninger B2

TEGN\_Tegning Ny Plan\_Vedlegg 2 - Tegningsliste og tegninger B2

**Mottakarar:**

Alver kommune  
Sweco Norge AS

Postboks 4  
Postboks 80  
Skøyen

5906  
0212

FREKHAUG  
OSLO